



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Christian Johan Alstad, 5557 2112

Vår dato
22.06.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/8221 423.1
Dykkar referanse

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Oversending av klage for oppnemning av setjefylkesmann - gnr 135 bnr 2, 3, 33 - Dispensasjon til bølgebrytar - Herøysundet - Kvinnherad kommune

Rådmannen i Kvinnherad innstilte på dispensasjon frå arealføremål FFNF (fiske, ferdsel, natur og friluftsområde) i gjeldande kommunedelplan for Husnesområdet, og dispensasjon frå arealføremål friområde i sjø i gjeldande reguleringsplan for Herøysund naustområde for oppføring av bølgebrytar på 40 meter x 4 m i skriv av 20.10.2014. Fylkesmannen rådde i frå dispensasjonen i skriv av 11.11.2014.

Uttalen til Fylkesmannen vart ikkje teke omsyn til då Kvinnherad forvaltningskomité den 10.12.2014 i sak 2014/178 vedtok innstillinga frå rådmannen. Fylkesmannen klaga på vedtaket i brev av 06.01.2015.

Kvinnherad forvaltningskomité tok den 18.03.2015 i sak 2015/38 klagen delvis til følgje og gjorde nytt enkeltvedtak som gjaldt dispensasjon om redusert bølgebrytar jf. endringsbrev av 16.02.2015. Fylkesmannen klaga på vedtaket i skriv av 14.04.2015.

Kvinnherad forvaltningskomité vurderte klaga i møte den 10.06.2015 med vedtak nr. 2015/65. Klaga vart ikkje teken til følgje.

Fylkesmannen ber om at det vert oppnemnt setjefylkesmann til å handsame klagesaka, då Fylkesmannen i Hordaland er klagar i saka.

Saksdokumenta er lagt ved.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Christian Johan Alstad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Jan Olav Djuvsland	Sæbøtunet 33	4321	Sandnes
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	Rosendal